

Eigenerklæring av eigarskap til offentlig veg- eller jernbanegrund som skal først i matrikkelen

Fastsett i medhald av matrikkelforskrifta av 26. juni 2009 § 62b



1. Namn på offentlig verksemd	
Namn	Organisasjonsnummer
Adresse	
Postnummer	Poststad

2. Endring av registrert eigar eller festar av ikkje-tinglyst offentlig veg- eller jernbanegrund på eksisterande matrikkeleining	
	Endring av registrert eigar
	Endring av registrert festar
	Matrikkeleining endringa gjeld for (knr/gnr/bnr/fnr):

3. Signatur (frå eigar/festar/erhvervar av grunn til offentlig veg og jernbane)	
Vi erklærer at arealet er erverva til bruk for offentlig veg- eller jernbanegrund, og er eigd av vedkomande offentlege verksemd.	
Stad og dato	Underskrift

Rettleiing	
Til punkt 1	
<p>Denne eigenerklæringa skal brukast av stat, statsføretak, fylkeskommune eller kommune. Namn, organisasjonsnummer og andre kontaktopplysningar skal fyllast ut. Eigenerklæringa skal brukast til å stadfeste eigedomsrett til offentleg veg- eller jernbanegrund i sak som gjeld endring av opplysningar av registrert eigar for ikkje-tinglyst matrikkeleining.</p> <p>Skjemaet skal sendast til Statens Kartverk for registrering i matrikkelen.</p>	
Til punkt 2	
	<p>Skal brukast der ein skal endre opplysningar om eigarforhold på matrikkeleiningar som ikkje er tinglyste, og som blir brukt til offentleg veg eller jernbane. Erklæringa skal brukast også for slike endringar for matrikkeleiningar som ikkje har registrert opplysningar om eigar eller festar. Ein må opplyse om kva for matrikkeleining endringa gjeld for.</p>
Til punkt 3	
<p>Eigenerklæringa er ikkje eit verkemiddel for å skaffe seg eigedomsretten, men ei stadfesting på at det faktisk er staten, statsføretaket, fylkeskommunen eller kommunen som er eigar. Verksemda som gir frå seg eigenerklæringa må ha skaffa seg eigedomsretten gjennom erverv eller på annan måte på eit tidlegare tidspunkt.</p> <p>Eigenerklæringa kan ikkje brukast for å skaffe grunnboksheimel etter tinglysningslova § 38 B. Dersom grunnen skal tinglysast, må dette krevjast særskilt.</p> <p>Eigenerklæringa skal underteiknast av nokon med signaturrett for den offentlege verksemda som stadfester eigedomsretten. Det er den aktuelle verksemda sitt ansvar å sørge for delegasjon av fullmakt, og at opplysningane som blir gjevne er rette. Etter straffelova § 365 er det straffbart å gje frå seg eigenerklæring med urette opplysningar. Matrikkelstyresmaktene vil legge til grunn dei oppgjevne opplysningane ved registrering i matrikkelen.</p> <p>Panterett for grunn som er erverva fell bort ved denne eigenerklæringa, jf. pantelova § 1-11, fjerde ledd:</p> <p><i>«Panterett i fast eiendom som erverves av stat, statsforetak, fylkeskommune eller kommune til veg- eller jernbaneformål, faller bort ved ervervet. Bestemmelsen i første ledd annet punktum gjelder tilsvarende også ved erverv av helt panteobjekt. Dersom gjenværende eiendom ikke gir full sikkerhet, skal vedkommende myndighet sørge for at panthaveren får sin del av kjøpesummen før eieren».</i></p>	